

Vestlandsfanden kjem til Dønhaug**14.07.2010****Laurdag 14. august vert det sesongavslutning på Dønhauglåven med ingen ringare enn Vestlandsfanden**

Dette er eit band som dei aller fleste kjenner godt til, då dei har turnert samanhengande sidan 1980 og arrangementet på Dønhaug er i samband med Jubileumsturneen som markerar deira 30 år på landevegen.

For tida legg dei siste hand på deira neste CD, "Livets glade plommer" som kjem ut 9. august, og Dønhaug har fått æra av å vera den fyrste spelestaden etter CD-sleppet. Dette blir deira 14. CD i rekka.

Vestlandsfanden er eit band som mest like populært i alle aldersgrupper, frå dei yngste til dei langt oppe i pensjonsalderen. Deira musikk står for ein særegen norskspråkleg låtskrivartradisjon, og er norsk folk-rock, country-rock på sitt beste, og med Reidar Brendeland som frontmann, låtskrivar og primus motor vil publikum denne kvelden garantert få ein flott musikkkveld på låven.

Av Magne Huglen